

## FILM

BRIT AKSNES OG HÅKON TVEIT

## Solid sogneskrek

Pål Øie leverer varene endå ein gong og er framleis meisteren i norsk skrekfilm.

## SKREKKFILM

REGI: PÅL ØIE

## Villmark 2

MED: ELLEN DORRIT PETERSEN, ANDERS BAASMO CHRISTIANSEN, BAARD OWE M.FL.

Då Pål Øie fekk høyre at Hara-stølen, det gamle Luster Sanatorium, skulle rivast, fekk han endeleg fingeren ut for å lage ein oppføljar til braksuksessen *Villmark*, som i 2003 vart rekna som den første skikkelege skrekfilm her til lands. Ikkje langt frå innspelasstaden til den første filmen ville han nytta det mektige, men nedslitne murbygningen til å skemma nordmenn på nytt. Det får han til.

## RÅ RAMMER

Bygget er perfekt for skrekfilm. Det står steilt opp mot fjellsida og trugar. Bruken er stilig, og ein kan jamvel tilgje litt repeterande panoreringar over staden. På mange vis er sanatoriet ein figur i seg sjølv. Lydar og lekka-

sjar vitnar om ein arg antagonist for Live (Petersen) og kollegaene hennar som har kome for å gjera klart for riving. Dei har hastverk, men historiene Hara-stølen gøymmer, stikk kjeppar i hjula for ei kjapp sondering av sanatoriet.

Den gamle vaktmeisteren Karl (Owe) verkar ikkje glad for selskapet. Han ber på minne knytte til tysk okkupasjon, hand-saming av «tyskarborn» og tida då tuberkulosen skulle utryddast. Dystre trekk frå etterkrigstida er nøkkelen til premissane for *Villmark II*. Eg kjøper det. Lekene til *Villmark* er heller slakke, så tittelen verkar mest påklistra for å få dei mange tusen som lika einaren, til å løyse billett på nytt. Dei seier at namnet skjemmer ingen, så det får gå.

## BAARD OWES AUGO

Det er ikkje tilfeldig at Ellen Dorrit Petersen og Anders Baasmo Christiansen har hamna mellom dei store namna i norsk film. Dei gjer igjen ein heilstøyt job, med Petersen som


førstedame. Den stiligaste figuren er likevel Karl. Baard Owe andlet er glitrande. Augo hans tindrar. Han er fämælt, men foraktfull og verkar passivt aggressiv. Noko ulmar.

Fengjande popmusikk vert snart bytt ut med dei skvettfrankallande lydane som høyrer til sjangeren. Ramnar og svarte hundar skaper ei illevarslende kjensle. Gamle sjukepleiaruniformer er skumle, og vaksineeksperiment sender ising nedetter ryggen. Meir skjuler seg i kulissane.

Pål Øie kan knepa sjangeren krev, og er ikkje redd for å ta dei i bruk. Dei fungerer, utan at Øie overraskar. Fantastiske omgjevnader, sterke skodespelarar og stødige handverk sikrar ein solid skrekfilm som sikkert vil få folk på kino att.

## HÅKON TVEIT

Håkon Tveit er lektor i latinamerikansk kultur og historie ved Universitetet i Bergen og fast filmmeldar i Dag og Tid.



Anders Baasmo Christiansen, Ellen Dorrit Petersen og Mads Sjøgård Pettersen byr på heilstøypte skodespelarprestasjonar. Foto: Filmweb



Joseph Gordon-Levitt som franskmannen Philippe Petit som gjorde dette vågestykket i 1974. Foto: Filmweb

## Slakk line, slakk

Polert og platt, men ikkje utan høgdepunkt, b

## DRAMA

REGI: ROBERT ZEMECKIS

## The Walk

MED: JOSEPH GORDON-LEVITT, CHARLOTTE LEBON, BEN KINGSLEY, M.FL.

I 1974 skal Philippe Petit utføra eit vågestykke av spektakulær art. Med hjelp av vener og fiffige triks for å koma forbi vaktene fester han ei line mellom dei to tvillingtårna som var World Trade Center, og ein augustmorgon balanserer han på slakk line og utan tryggingnett til måpande tilskodarar. Den eksentriske, slit-same og ikkje spesielt sympatiske Philippe frå røynda og den briljante dokumentaren *Man on Wire* (2008) får sin Hollywood-

makeover i *The Walk*. Heldigvis i 3D, som ei god trøyst.

## WIRE, WALK WITH ME

Eg synest knapt eg gjer anna enn å melda filmar baserte på sanne historier, og eg lét meg sjeldan begeistra. Grunnen er ikkje at eg ikkje set pris på evna mennesket har til å utfordra seg sjølv og elementa. Og eg ser kor freistande det må vera for ein filmskapar å ta ferdiglaga spenning alt marknadsført gjennom folklore eller YouTube eller vellaga dokumentarar. Og der har du problemet med *The Walk* og ei rad andre filmar eg har meldt i det siste. Røynda knuser filmversjonen, gong på gong på gong. Og der *Man on Wire* får fram adrena-

*The Walk* er kabaretaktig og puslete, der til og med rufsete hår ser glatt ut.

## Kinesisk familiekrønike frå New York til Film frå Sør

Jia Zhangke frå «den sjette generasjonen» i kinesisk film er regissør.

## FILM

ROALD HELGHEIM  
roald@dagogtid.no

Den engelske tittelen er *Mountains May Depart* og vert lansert som ei krønike om Kina i framtida, sett gjennom augo til ei kvinne og ein mann og familien hennar.

I programmet står det at regissør Jia Zhangke lagar sosialrealistisk film, ofte med dei utsette i samfunnet i sentrum. Forgjengaren *A Touch of Sin* vart vist på norske kinoar i fjor. Den 45 år gamle

regissøren har ein filmografi på 45 filmar. Han er også skodespelar og manusforfattar og fekk Gulløva under filmfestivalen i Venezia for filmen *Still Life*.

Nyleg vart han vist under New York Filmfestival. I dag vert filmen vist den første av tre gonger under Film frå Sør-festivalen i Oslo, som opna i går med den iranske *Taxi Teheran*.

Til The New York Times seier den kinesiske regissøren at utforskinga av menneskeleg åtferd var grunnen til at han byrja å lage film.

Den nye filmen vil bli vist på kinesiske kinoar frå 30. oktober. Han vart vist på Shanghai Film Festival i juni, og reaksjonane var blanda, seier regissøren.

The New York Times spør kva andre filmar han ville ha sett.

«Eg får ikkje tid til å sjå andre, men eg skulle gjerne sett Apichatpong Weerasehtakuls *Cemetery Splendour*.»

Tilfellet vil at den thailandske filmen også er ein del av hovudprogrammet under Film frå Sør og har første framsyning i morgon.



Frå filmen *Mountains May Depart* som vert vist på Film frå Sør-festivalen. Foto: Film frå Sør